

NORSKLEKTORANE TRIVST, MEN HAR FOR MYKJE Å GJERE

94 prosent av norsklektorane trivst godt eller svært godt med elevane dei har i norsk, men 70 prosent meiner at arbeidsmengda er altfor stor. Det viser ei undersøking blant norsklektorar i Norsk Lektorlag.

Tekst: Marit Kleppe Egge og Wenche Bakkebråten Rasen


Mange av medlemmene i Norsk Lektorlag underviser i norsk. I den breie spørjeundersøkinga som blei sendt til alle medlemmer i undervisningsstillingar hausten 2014, kom det fleire kommentarar om blant anna arbeidssituasjonen til norsklektorar. Difor valde vi i januar i år å sende ut ei ny spørjeundersøking om blant anna innhaldet i faget, trivsel, vurdering og arbeidsmengd til dei norsklektorane som hadde delteke på den førre undersøkinga. 412 medlemmer i vidaregåande skole og på ungdomstrinnet fekk undersøkinga, og nærare 50 prosent svara på ho.

- Slike spørjeundersøkingar gir god informasjon om kva medlemmene meiner og ønsker seg – informasjon som vi tek med oss i det fagpolitiske arbeidet i Norsk Lektorlag. Om vi ikkje har nådd alle norsklektorar i denne undersøkinga, gir 201 svar ein god peikepinn om kva dei som underviser i norsk er opptekne av, seier leiar Gro Elisabeth Paulsen.

Ho meiner det er særleg interessant å sjå kva norsklektorane meiner om nokre kontroversielle tema.

- Her tenkjer eg blant anna på forsøksordninga med berre to karakterar i Vg1 og Vg2, og korleis dei vurderer læreplanen. Svara kan tyde på at vi treng ein ny debatt om statusen til sidemålet, for her ser eg nokre overraskande og tydelege signal både i talmaterialet og i kommentarane til undersøkinga, seier Paulsen.

Korleis er arbeidsmengda i norskfaget samanlikna med andre fag du underviser i?



Må gjere noko med arbeidsmengda

7 av 10 som svara på undersøkinga meiner at den generelle arbeidsmengda for norsklærarar er altfor stor. 73 prosent seier òg at arbeidsmengda i norsk er mykje større samanlikna med andre fag dei underviser i (sjå illustrasjon). 40 prosent seier at dei som oftast ikkje rekk å gjennomføre arbeidsoppgåvene dei har som norsklærar innanfor avsett arbeidstid, medan 32 prosent svarar at dei aldri rekk det.

- At arbeidsmengda er stor, har vi visst lenge, og denne undersøkinga er ei ny stadfesting. Framleis er dei fleste norsklektorane glade i faget og entusiastiske, men vi kan få ein stor mangel på norsklektorar om ikkje arbeidsvilkåra vert betre. Anten må ein få fleire timar i faget, eller så må læreplanen få færre mål, meiner Gro Elisabeth Paulsen.

Vanskeleg å drive tilpassa opplæring

Dei fleste norsklærarar underviser òg i fleire fag enn norsk, først og fremst i samfunnsfag, historie, framandspråk og psykologi¹. 33 prosent av respondentane oppgir at norskfaget utgjør mellom 40 og 59 prosent av stillinga deira, mens for 25 prosent utgjør undervisning i norsk mellom 60 og 79 prosent. Åtte prosent oppgir at dei berre underviser i norsk.

Halvparten har to klasser i norsk. 40 prosent har mellom 40 og 59 elevar totalt i norsk, medan 21 prosent har mellom 60 og 79 i faget.

Tre av fire lærarar som underviser i norsk opplever i liten, eller svært liten grad, at talet på elevar er passande, jamfør retten til tilpassa opplæring.

Mange mål, lite tid

Eit anna emne i spørjeundersøkinga var time-talet sett på bakgrunn av omfanget av lære-planmål. Medan 41 prosent synest timetalet er OK slik det er i dag, meiner 57 prosent at det bør vere fleire timar i faget.

72 prosent er delvis eller heilt einige i at det er for mange vurderingselement i norsk. Berre ni prosent kunne tenkje seg å bruke meir tid på vurdering/karaktersetting, mens 65,6 prosent ønsker å bruke mindre tid på dette. Ludvigsen-utvalet arbeider nå på oppdrag frå kunnskapsdepartementet med å vurdere inn-haldet i skolen i dag mot kva kompetanse ein vil trenge i framtida. Utvalet har til nå peika på at ein bør gå djupare inn i dei ulike faga. Da leiaren av utvalet, Sten Ludvigsen, hadde innlegg på Lektorkonferansen i november i fjor, sa han blant anna: "Det er ikkje dette utvalet som skal skrive nye lærerplanar i framtida, men vi skal leggje prinsippa for ei fagfornyng. Alle vil ha meir inn, og ingen vil ta noko ut, men vi må sannsynlegvis ta noko ut, skal skolen bli betre."

Norskfaget er eit fag der mange meiner det er stofftrengsel. Vi har derfor spurt norsklær-arane om kva for element dei meiner kan reduserast. Berre fire prosent oppgir at dei ikkje ønsker endringar i norskfaget. Dei elementa dei fleste peiker på at kan reduserast, er sidemålsundervisninga, kunnskap om samansette tekstar og fordjupningsoppgåva på Vg3 (sjå illustrasjon s. 8).

Framleis mykje dokumentasjon

Nesten 88 prosent svarar at dei kunne tenkje seg å bruke mindre tid på anna etterarbeid, som dokumentasjon og føring (sjå illustrasjon på side 8). Dette er i tråd med undersøkinga frå oktober 2014, der 7 av 10 norsklektorar svara at dei er heilt eller delvis einige i at krava til dokumentasjon og rapportering går ut over tid til undervisningsarbeidet. Samtidig svara 68 prosent at dei blei pålagt for mange byråkratiske oppgåver som tok tida vekk frå undervisninga.

Det kjem meir om rapportering og dokumen-tasjon, og om andre emne frå spørjeunder-søkinga, i neste nummer av Lektorbladet.

Slik vi ser det...

Mange nytta høvet til å leggje inn eigne kommentarar til undersøkinga. Her er nokre av dei (enkelte kommentarar er forkorta).

«Når det gjelder vurdering i norskfaget, så har jeg inntrykk av at karakterskalaen går fra 1 til 5. Sekseren er blitt så vanskelig å oppnå at den knapt er i bruk.»

«Eg ser gjerne at det berre blir sett to karakterar i norsk i framtida (munnleg og skriftleg), men berre så lenge nynorsk og bokmål utgjør ein likeverdig del av det skriftlege vurderings-grunnlaget.»

«Når det gjelder yrkesfag, blir norsk nedprioritert av både elever og lærere, i likhet med andre fellesfag. Selv om det kanskje er disse elevene som trenger aller mest språktrening, blir de gjerne stemoderlig behandlet.»

«Herlig å sette fokus på norskfaget. Jeg elsker faget, og er rimelig tro til de planer som fins. Jeg jobber elektronisk, og bruker i liten grad læreboka.»

«Undervisning i nynorsk bør styrkes på alle trinn, inkludert barneskolen. Når elevene kommer på ungdomsskolen, har de som oftest overhodet ikke hatt undervisning i nynorsk. Slik undervisning styrker elevene også i hovedmål/bokmål og utvikler dem intellektuelt.»

«Vi norsklærere blir nok oppfattet som sytete som påstår at vi har så mye å gjøre. Dessuten sees norsk på som et sekkefag, det er ikke sjelden det blir sagt fra ledelse eller kolleger at «det kan norsklærerne ta i sine timer», som er med på å fortrenge tid fra arbeid med kompetansemål.»

«Det å undervise klasser i norsk, ofte med 30 elever i hver klasse, og med flere karakterer per elev, burde berammes betydelig høyere med tanke på prosentene dette skal utgjøre av en total stilling. Variasjonen i hva som utgjør en «100 prosent»-stilling er stor, og dette skaper frustrasjoner. Stillinger som innebærer mye norskundervisning blir upopulære.»

«I dag er sidemål å anse som et fremmed-språk hva mål og undervisning angår. La sidemålet være en naturlig, inkorporert del av norskfaget når det gjelder lesing av litte-ratur, språkførståelse og språkbruk, og fjern sidemålskarakteren.»

«Eg ønsker meg ei betre ordning for side-målsundervisninga. Sjølv om eg er ihuga nynorskbrukar, så ser eg at tida ikkje strekk til for å kunne halde nynorsken varm, særleg for dei elevane som ikkje ser verdien av å ha to skriftspråk. Dei kjem til oss med ei hald-ning til nynorsken som gjer undervisning vanskeleg. Det har vore diskutert om sidemål kan avsluttast etter Vg2; kan hende må vi ta opp att denne diskusjonen.»

«Jeg synes eksamensordningen/oppgavene i liten grad gjenspeiler utviklingen i norskfaget. Eksamensoppgavene er for vanskelige (for mange elementer), og blir ofte for strengt vurdert. Det er dessuten svært mye forvirring rundt norsk for minoritetsspråklige, både med hensyn til lover og regler, og med hensyn til faginnhold og vurdering.»

«Læreplanen for yrkesfag må være mer tilrettelagt for de enkelte yrkesutdanningene. Ideen om et felles norskfag for alle er absurd og skaper bare frustrasjon og tapere. Læreplanen for studieforberedende må gjøres mer entydig og legge mer vekt på basisferdigheter. De mange elementene den består av nå, gjør det vanskelig å gi god undervisning i sentrale disipliner innenfor språk og litteratur.»

«Deltar i prøveprosjektet med én karakter i norsk på Vg1 og Vg2. Dette er svært lovende, og gir mer tid FOR læring, ikke for å dokumentere (tre) karakterer. Norsklærere må slutte å ta inn så mange «bunker», og heller jobbe med oppgaver etter klare kriterier slik at man kan gi tilbakemelding raskt der og da på om eleven er på rett vei.»

1 N=415 frå NLLs undersøking om elevrolla, vurdering og arbeidstid, oktober 2014.

Dette mener fagutvalget

Fagutvalget for norsk i Norsk Lektorlag har lest rapporten fra spørreundersøkelsen blant norsklektorer. Her er deres kommentarer til noen av hovedfunnene.

Tekst: Fagutvalget i norsk ved Astrid Weel Sannrud, Geir Olav Kinn, Pia Skøien, Linn Fuglestveit og Jonas Øksnes.

Positive lærere

Det er positivt å se at et overveldende stort antall norsklærere trives «godt» eller «svært godt» både med faget og med norskelevne sine. Her ser vi at det faglige og det pedagogiske engasjementet er stort, noe som er helt avgjørende for at elever skal lære noe. At norsklærere trives med faget og sammen med elevene, har nok å gjøre med at faget er variert og til dels tar opp eksistensielle temaer som berører elevene.

Undersøkelsen viser at 44,3 prosent av lærerne opplever at cirka halvparten av elevene viser interesse for faget, mens 25,9 prosent svarer at bare cirka ¼ er interessert i norsk. Mange elever synes at norsk er vanskelig, og de er nok ikke så glade i eldre litteratur og språk. Å tilegne seg kunnskaper og innsikt i norskfaget byr på motstand for dem. De er ofte innstilt på at fag som matematikk skal være utfordrende, men de har kanskje ikke opplevd norskfaget som vanskelig før videregående. Mange elever har ikke lest bøker, og da vil viktige deler av faget være fremmed og føles irrelevant. Elevene har mange fag, og i videregående er de ofte mer interesserte i et programfag de har valgt, enn et obligatorisk fag som norsk. Interessen for norskfaget kan også variere på de ulike trinnene, fra å være ganske laber på Vg2 til å ta seg opp igjen på Vg3. Karakterordningen gjør at norsk både på 8. og 9. trinn, og på Vg1 og Vg2, kanskje «taper» mot de fagene elevene får standpunktvurdering i.

Enighet om kjernen i faget

To av spørsmålene i undersøkelsen går på hvilke elementer i faget norsklektorer synes er mest vesentlige og hvilke elementer de eventuelt kunne tenke seg å legge mindre

vekt på. Norsklektorene ser ut til å være samstemte om hva som er kjernen i norskfaget, nemlig å skrive klar, riktig og god sakprosa, tolke tekst og kunne litteratur- og språkhistorie. Det er flere emner som etter manges mening kan reduseres:


- Det er oppsiktsvekkende at 55 prosent synes sidemålsundervisninga er viktig eller svært viktig, mens hele 30 prosent synes den er lite/svært lite viktig. Det er også denne delen av faget flest vil redusere. Vi mener dette må sees i sammenheng med andre deler av undersøkelsen som viser at norskfaget er arbeidskrevende, og at man bruker mye tid på vurderingsarbeid. En annen side ved denne delen av faget er at mange er frustrerte over at elever ikke klarer å tilegne seg helt elementære kunnskaper i sidemålet. Når vi snakker om sidemålsundervisning, er det statistisk i de fleste tilfeller nynorsk det gjelder. Derfor har det vært vanskelig å diskutere dette uten å bli oppfattet

som «nynorskhatere». Vår oppfatning er at de fleste lærere har hatt et oppriktig ønske om å få elevene både til å forstå nynorskens viktige historiske rolle og lære dem å beherske målformen. Tatt i betraktning den tøffe arbeidsbelastningen mange norsklærere opplever, er det nødvendig med en bred og uholdt debatt om sidemålsopplæring, sidemålsvurdering og arbeidsbyrde i faget.

- 40,5 prosent mener sammensatte tekster er et element man kan vurdere å redusere. Vi tror mange norsklærere mener at verbaltekster er det helt sentrale i faget, og at vi bør ha mer tid til å arbeide med dem, jf. emnetrengselen i faget. Det er også flere som nevner i kommentarene til undersøkelsen at de føler de mangler utdanning i billedanalyse. Nå skal det jo sies at denne siden av faget er noe dempet i revisjonen av læreplanen, selv om det er uklart om den egentlig er dempet eller om den nå bare «tas for gitt».

Enkelte mener det er stofftrengsel i norskfaget. Hvilke elementer mener du kan reduseres?

Flere svar er mulig.



Mange vil gjeninnføre kanon


Tidligere hadde læreplanen mer detaljerte krav om at elevene skulle lese litterære verk fra en bestemt periode og/eller av en bestemt forfatter. Nesten halvparten mener at det bør gjeninnføres en kanon i norskfaget. Vi tolker svarene som et uttrykk for at mange mener det finnes viktige tekster som alle bør ha kjennskap til, og som det er enkelt å forholde seg til for både lærere og elever. Kanskje man bør se dette i sammenheng med hvor arbeidskrevende faget er, for en presisering av pensum kan lette planleggingen. Det at elevene er gjennom noenlunde det samme, sikrer antagelig kvaliteten av eksamen, både muntlig og skriftlig, og det vil sikre en mer lik vurdering av alle elevene i landet.

Ønsker ikke Internett som hjelpemiddel

Undersøkelsen bekrefter at mange er skeptiske til Internett som hjelpemiddel. Kanskje man føler at elevene egentlig ikke får vist hvilken kompetanse de faktisk har når de har mulighet til å bruke hjelpemidler? Som fagutvalget har påpekt tidligere, også overfor Utdanningsdirektoratet, går dette ut over svake, men pliktoppfyllende elever som ikke får uttelling for arbeidet de legger ned. Dette går selvfølgelig ut over elevenes motivasjon til å tilegne seg kunnskap når de ser at kunnskaper i seg selv ikke gir uttelling.

Et flertall (om ikke stort) er skeptiske til andre hjelpemidler enn ordbok. Mangeårige sensorer opplever at så snart det er oppgaver som gjør det mulig å kople inn kilder (lærebøker er mest aktuelt med nåværende ordning), faller kvaliteten på besvarelsen. Elevene skriver febrilsk av kilder som ser gode ut. Samtidig kan dette være vanskelig å gjennomskue, og iallfall å bevise, så urettferdighet i bedømminga kan lett skje. Vi mener at fem timers eksamen ikke er egnet til å ha tilgang på hjelpemidler, det er for kort tid. Besvarelsen blir uselvstendig, og om man tillater Internett, blir det så u håndterlig og så mange muligheter for «klipp og lim» at sensorene umulig kan gi en riktig vurdering.

Hvordan mener du skriftlig eksamen i norsk bør foregå?




Savner mer tid til forberedelse

Fagutvalget har gjentatte ganger tatt opp med direktoratet at arbeidsbelastningen i norskfaget er (altfor) høy, og denne undersøkelsen bekrefter dette. Stor arbeidsbelastning var også bakgrunnen for at vi ønsket å se på muligheten for å redusere antallet karakterer eller avslutte sidemål i Vg2. Direktoratet kommer likevel med pålegg om ytterligere arbeidsoppgaver (økt dokumentasjon og byråkratisering og andre «tidstyver»). Disse oppgavene kommer på toppen av dem vi

allerede har, og føles derfor ekstra belastende. Undersøkelsen viser at mange gjerne vil bruke mer tid på forberedelse og mindre tid på dokumentasjon og byråkratisering.

Dette viser igjen at de fleste er svært glade i faget og i elevene og vil bruke tid på å legge til rette, men opplever at de ikke rekker det. Svarene viser at det er spesielt vurdering og annet etterarbeid man gjerne skulle brukt mindre tid på. Dette er en viktig del av faget, men tiden strekker ikke til.

Hvilke elementer kunne du likt å bruke mindre eller mer tid på ?



Fra Norsk Lektorlags spørreundersøkelse, januar 2015.